

Den eine timen for veka

Tekst: Norleif Askeland
norleifas@gmail.com

*«Ho skin som ei sol
og det er tydeleg
at ho har fått møta Gud»*

Ein for ein, vert dei ropt opp og kjem fram på golvet for å ta imot sertifikatet, til stor applaus frå dei andre som er til stades. Når applausen har lagt seg blir dei alle spurt om dei vil bruka dette sertifikatet til å vinna nye disiplar for Jesus. Alle svarar ja! Så vert dei lagt hendene på og bedt for og dei fleste får gode profetiske ord til oppmuntring på vegen vidare.

Multiplisering av disipler

Vi er samla rundt konferansebordet i kontorlandskapet på arbeidsplassen til ein av dei som er med i den såkalla MC-gruppa. Vi er i Cochabamba, Bolivia. MC står for "Multiplicación de Creyentes" og tyder "Multiplisering av Disiplar."

Denne gruppa tel 16 personar i alle aldrar og like mange av kvart kjønn. Det er åtte stykker som får sertifikatet sitt i dag. Dei andre har fått det før, og dei siste åtte er eit resultat av dei åtte første. Men det heile starta med to. Ekteparetparet David og Violeta Larsson si største sorg som misjonærar i Bolivia, har vore at dei ikkje har lukkast i å gjera fleire menneske til disiplar av Jesus. For eitt og eit halvt år sidan sa han: "Vi har rundt 500 menneske i menigheitene våre. Men vi har bedt til frelse med tusenvis". Etter å vore fleire gonger til Bolivia sjølv, veit eg at det han seier er ei sanning og ei stor utfordring. Det er lett å sjå folk gje respons til evangeliet i Bolivia, men kulturen som sit djupt i folket, hjelper ikkje mykje til når det kjem til å forplikta seg og ta ansvar. Difor har David sydd saman eit opplegg – multiplisering av disipler –

som alle kan bruka til å gjera andre til disiplar. Dei som blir med treng ikkje eingong å ha teke imot Jesus når dei startar.

Grundig, men enkelt

Poenget for David har vore at verktøyet skal vera grundig og enkelt. Det skal byggja dei mest grunnleggjande trusningar inn i nye kristne. Samstundes skal det vera enkelt nok til at alle kristne i alle aldrar skal kunna gjennomføra det, både for sin eigen del og i neste omgang med andre. Og det fungerer!

David og Violeta starta med ein disippel kvar. Kvar dag bad dei til Gud for den personen dei trente. Og kvar veke ringde dei disipline sine og avtala kor dei skulle treffast for å bruka ein time saman til å gå neste steg i MC-kurset. Det heile startar med evangeliet til frelse og om det å tru. Vidare om å kjenna Den Heilage Ande og høyra frå Gud. Dåp i vatn finn sin sentrale plass, like eins og læra å leva av Guds Ord, tilhøyra menigheten og ikkje minst leva eit rett familieliv og fleire andre viktige og grunnleggjande ting. Korleis vinna andre til Jesus og forkynna evangeliet til frelse er sjølv sagt ein viktig del av opplæringa. Og siste delen av kurset dreier seg om å bruka ein time for veke til og gje alt ein har lært vidare til ein ny disippel gjennom same opplegget.

Livsforvandling

Gleda er stor rundt bordet. Sidan tre nordmenn var på besøk ville dei gjerne fortelja oss kva dei har opplevd gjennom MC. Ei gamal dame lyfte handa. Ho har vore katolikk, men påstår at ho aldri har høyrt om den Heilage Ande. Eg syntes det var rart, "men no", seier ho, "har eg blitt døypt i Anden og talar i nye tungemål". Ho skin som ei sol og det er tydeleg at ho har fått møta Gud. Alle presenterer seg for oss, og det kjem fram at ei er bestemor til ei anna. Ei er svigerinne til ein av dei som er til stades og han er far til ei av dei andre. Nokre har vore kollegaer i fleire år. Så her er det tydeleg at vitnesbyrdet om Jesus har forandra familiar. Og alle ser ut til å vera veldig glade i kvarandre.



Her er det tydeleg at vitnesbyrdet om Jesus har forandra familiar. Og alle ser ut til å vera veldig glade i kvarandre. ILLUSTRASJONSFOTO

*«Guds plan for oss
er å ha eit fokus på
å gjera menneske
og folkeslag til disiplar
som gjer andre til disiplar»*

Fra 2 til 75

Frå den dagen då David og Violeta var ferdig med sine to første disiplar og to hadde blitt til fire, har dei samlast som ei gruppe og gjort treninga felles. Noko av hensikten med dette er å minska den menneskelege feilmarginen som gjer at matematikken ikkje alltid går opp. Når ein samlast i grupper, kan alltid ting gå vidare sjølv om ein av dei ansvarlege er forhindra på eitt eller anna vis. Dessutan lærer ein å leva fellesskap.

Fire vart til åtte, og åtte vart til 16, og det var på siste samlinga med dei 16 vi fekk vera med og høyra vitnesbyrdet om kva Jesus hadde blitt for dei. Eitt av mine spørsmål var kor mange av dei som hadde teke i mot Jesus gjennom MC. Dei diskuterte ivrig seg imellom litt og talde på fingrane, før faciten var klar: Tolv!

For nokre dagar sidan fekk eg rapporten frå dette arbeidet sin menighet i La Paz. Denne flokken er ikkje så stor endå. Men no tel dei rundt 75 menneske, og det er ei dobling på nokre få månader. Og nesten heile tilveksten er på grunn av MC. Heilt enkle kvar-dagskristne som lever eit heil normalt liv, men som i alt dei gjer er disiplar av Jesus, får kontakt med andre som er villige til å treffast ein time for veka på ein kafé eller kor som helst. Og så er multiplikasjonen av disiplar i gang.

Vi kan gjera mange ting som kristne og fylla livet med alle slag gode kristne aktivitetar. Guds plan for oss er å ha eit fokus på å gjera menneske og folkeslag til disiplar som gjer andre til disiplar.

Og dette fokuset må alle ha som er med på MC: Ein må gjerne driva med mange ting, men det er berre ein ting ein aldri har lov å prioritera vekk; den eine timen for veka!